

# Eit inkluderande språk



ARBEIDS- OG  
INKLUDERINGSDEPARTEMENTET

# Eit inkluderande språk

*Eit inkluderande språk er ein føresetnad for eit inkluderande samfunn.*

Ordval er viktig for den som blir omtalt, men det påverkar også dei haldningane folk har. I yttarste konsekvens kan forenkla generaliseringar eller dårlege formuleringar føre til at politiske debattar byggjer på feil premisser.

Det finst knapt verdinøytrale ord. Som regel er det samanhengen dei blir nytta i, som gir dei negativt eller positivt innhald. Omgrepa utviklar seg i takt med omgivnadene, men dei lever også sitt eige liv.

Eit eksempel er “vi” og “dei andre”. Dette kan vere omgrep som skildrar nøkterne fakta. Men dei kan også bli brukte på måtar som markerer og skaper skilje, avstand og motsetningar mellom folk. På svært mange område vil det vere forskjellar i synspunkt, interesser og verdiar som går på kryss og tvers av ei slik forenkla todeling. Alle i Noreg har mange ulike identitetar. Dei kan vere knytte til for eksempel kjønn, bustad, livsfase, arbeid/yrke eller politisk syn. Kven som er “vi” varierer etter samanhengen, og det viktigaste vi kan gjere er å vere medvitne om dette heile tida.

Den offentlege debatten skil seg frå private samtalar blant anna ved at det er vanskelegare å få korrigert ei lite treffande utsegn. I møte med menneske ein ikkje kjenner godt, er det også vanskelegare å vite korleis den andre parten vil reagere på det ein har å seie. Velmeinte intensjonar er ikkje alltid avgjerande for verknaden av utsegna.

Det viktigaste er at flest mogleg deltek i debatten, og at debatten er open og kritisk. Å bruke eit inkluderande og presist språk er ei vanskeleg oppgåve, og vi bør alle leggje oss i selen for å bli betre. Med eit presist språk får ein også sagt det ein vil.

Derfor er det viktig:

- Å unngå ord og uttrykk som blir opplevde som unødvendig stigmatiserande
- Å vere merksam på ordval som skaper skilje
- Å vere presis – mykje dreiar seg om å bruke rett ord til rett tid

Det er sjeldan vond vilje som gjer at somme fører eit ekskluderande språk. Det er som regel manglande medvit eller kortvarig tankeløyse. Og det gjer ikkje noko. Berre det ikkje skjer heile tida. Å meine det godt, utan å seie det godt, er ikkje alltid godt nok.

*Bjarne Håkon Hanssen, august 2007*

# Ord og talemåtar

Lista er alfabetisk

## **Etnisk/etnisitet**

Det finst ulike meiningar om korleis desse orda skal definert og forklarast. Dei viser ofte til nasjonalt opphav (sjølv om det kan finnast ulike etniske grupper innanfor same nasjonalstat), til utsjånad og hudfarge, til kulturelle tradisjonar og levemåtar. I alle høve er grensene mellom ulike etniske grupper flytande, og dei endrar seg over tid.

### *Alternativ:*

- Ho har innvandrarbakgrunn.
- Ho har foreldre frå Vietnam, men er fødd og oppvaksen i Noreg.

### *Mogleg bruk:*

- Befolkninga i Noreg er samansett av mange ulike etniske grupper og nasjonalitetar.

## **Etterkommarar (av innvandrarar)**

Ein etterkommar er ein person fødd i Noreg av to utanlandsfødde foreldre. Nemninga blir somme gonger også brukt i vidare tyding og inkluderer utanlandsfødde som kjem til

Noreg i svært ung alder, og som har vakse opp her. Etterkommar kan erstatte bruken av andre- og tredjegerasjonsinnvandrara osv.

*Alternativ:*

- Førstegerasjonsnordmann

*Mogleg bruk:*

- Etterkommarar av innvandrara tek høgare utdanning i omtrent same grad som personar utan innvandrarakgrunn.

## **Fleirkulturell (om personar)**

Fleirkulturell, eller tokulturell, viser til menneske som har bakgrunn frå fleire nasjonar, for eksempel barn av innvandrara eller flyktningar eller barn som har foreldre frå ulike land. Omgrepet blir nok som regel brukt og forstått med positivt forteikn. Men det blir oftare nytta om personar som har synleg minoritetsbakgrunn, enn om f.eks. svenskar eller tyskarar som bur i Noreg. Dette kan vere med på å skape skilje.

## **Fleirkulturell (om samfunn)**

Om uttrykket “det fleirkulturelle samfunnet” har somme peikt på at det ikkje går fram om dei mange kulturane lever

saman og med relasjonar til kvarandre, eller om dei lever side om side utan kontakt. Kritikken handlar om kva for røyndomsforståing ein legg til grunn, og dette er det greitt å ha eit medvite forhold til. Uttrykket i seg sjølv er likevel nokså uproblematisk.

*Alternativ:*

- Det mangfaldige samfunnet.

*Mogleg bruk:*

- Befolkninga i Noreg er fleirkulturell.

## **Fleirspråkleg**

Omgrepet viser til at ein kan to eller fleire språk. Det får i større grad enn *minoritetsspråkleg* (sjå dette) fram ressursen i det å kunne fleire språk.

*Mogleg bruk:*

- Selma, som kan norsk, engelsk og tyrkisk, er fleirspråkleg.
- På Gran skole er det mange fleirspråklege elevar.

## **Framandkulturell**

Finst også i varianten “fjernkulturell”. Omgrepet skaper avstand og får det til å verke som det er store forskjellar mellom “oss” og “dei”.

## Framandspråkleg

Omgrepet medverkar til å framandgjere grupper av menneske. (Sjå også *minoritetspråkleg* og *fleirspråkleg*).

## Heimlandet

Kva eit menneske opplever som “heime”, er subjektivt. Når ein bruker omgrepet “heimlandet”, seier ein likevel noko om kvar ein meiner personen *høyrrer heime*. Å karakterisere Pakistan eller Somalia som “heimlandet” til etterkommarar av innvandrarar er ikkje riktig. Heimlandet deira er Noreg. Der- som ein ønskjer å seie noko om røtene til ein etterkommar, er det rettare å seie “heimlandet til foreldra”.

## Hudfarge

Hudfarge blir oftare brukt som karakteristikk dess mørkare personen er i huden. Kvittfarge blir svært sjeldan nemnt. Det kan medverke til å skape eit bilete av mørkhuda som annleis, og krev ei svært medviten haldning ved bruk. (Sjå også *synleg minoritet*.)

### *Mogleg bruk:*

- Dei utanlandske tannlegestudentane ville hyggje seg på Torget Music Pub. Men dei mørkhuda Awad og Alawen frå Sudan fekk ikkje komme inn.

- Fatou, som er jagarpilot, vil gjerne vere eit førebilete for andre svarte ungdommar.

## Ikkje-vestleg bakgrunn

Dette er i utgangspunktet ein statistisk kategori innført av SSB for å kunne dele innvandring til og innvandrara i Noreg i to grupper etter landbakgrunn. Dei nye EU-landa som Polen, Latvia, Litauen og Estland kjem etter SSBs inndeling inn under kategorien ikkje-vestleg.

“Ikkje-vestleg” blir i debattar av og til feilaktig brukt som synonym for mørkhuda (sjå *hudfarge*) eller *muslim* (sjå dette). Førestellingar om avstand i kultur og utviklingsnivå kan ofte vere bygde inn. Omgrepet tek utgangspunkt i “Vesten” som sentrum, og ikkje-vestlege blir negativt definerte som “dei andre”. SSBs omgrepsbruk på området er elles under revisjon.

### *Alternativ:*

- Verdinøytrale geografiske nemningar, for eksempel på verdsdelar, er ofte meir presise, sjølv om det språkleg sett blir noko meir omstendeleg.

## Inkludering

Inkludering går ut på å fjerne barrierar for deltaking og å skape like gode sjansar for alle individ og grupper på alle

samfunnsområde. Det er eit breiare omgrep enn *integrering* (sjå dette), og det er derfor mogleg å vere integrert utan å vere inkludert. Inkludering synleggjer i utgangspunktet ikkje at alle partar har ansvar for å skape eit godt mangfaldig samfunn, slik “integrering” gjer. Samtidig blir det nok av mange oppfatta som eit meir positivt omgrep.

## **Innvandrar (bakgrunn)**

Omgrepet viser til personar som er fødde i eit anna land, har to utanlandsfødde foreldre og er busette i Noreg. Personar som er fødde i Noreg, kan ikkje reknast som innvandrarar. Dersom ein i nokre samanhengar ønskjer å omtale både innvandrarar og *etterkommarar* (sjå dette) som ei gruppe, er “personar med innvandrarbakgrunn” eit alternativ. Ved å bruke “innvandrarbakgrunn” tydeleggjer ein også at det finst fleire bakgrunnsvariablar hos ein person, ein er ikkje berre “innvandrar”.

### *Mogleg bruk:*

- Steven er innvandrar frå USA.
- Elevar med innvandrarbakgrunn er i stort fleirtal ved ein del av grunnskolane i Oslo.
- Mange menneske opplever at innvandrarbakgrunnen deira blir utidig tematisert.

## **Integrering**

Integrering føreset at det blir lagt til rette for at alle innbyggjarar i Noreg kan norsk og forstår og deltek i samfunnet på tvers av skiljelinjer. Omgrepet blir dessverre ofte brukt og forstått som at “innvandrarar” må “bli norske”. I dette ligg det ei forventning om assimilering (bli lik majoriteten). Sjå også *inkludering*.

## **Kultur**

I debattar om integrering er det ofte eit overforbruk av “kultur”-omgrepet, bl.a. i samanhengar som “når kulturar skal leve saman ...” og “når kulturar møtest ...”. Dette kan av og til vere gode og riktige metaforar. Alle lever trass alt innanfor rammene av sine kulturar. Men det er viktig å hugse at det også er menneske som skal møtast og leve saman, og at kultur er meir enn nasjonal kultur.

## **Miljøet: det somaliske/pakistanske/ vietnamesiske/tamilske/muslimske (etc.)**

*Miljøet* kan vere eit diffust omgrep som framstiller personar med same innvandrarbakgrunn som ei samansveisa gruppe som held saman og dannar eit “miljø”. Stadig bruk av slike nemningar kan gi inntrykk av at gruppa er einskapleg. Det vil nok vere meir presist å snakke om *miljøa* – i fleirtal.

### *Mogleg bruk:*

- Dei pakistanske miljøa i Oslo greier ikkje å blir samde om eitt 14. august-arrangement, og dei arrangerer derfor fleire ulike.

## **Minoritet / minoritetsbakgrunn**

Omgrepet seier noko om at ein person tilhøyrrer ein minoritet i samfunnet. Etersom ein kan tilhøyrrer både majoritet og minoritet samtidig – ein homofil mann, ei jødisk norskfødd kvinne, ein kristen vietnamesar – bør omgrepet ikkje brukast åleine, men presiserast ved å snakke om religiøs minoritet, språkleg minoritet eller etnisk minoritet.

### *Mogleg bruk:*

- Når vi skal diskutere stat/kyrkje, er det viktig å få med religiøse minoritetar.

## **Minoritetsspråkleg**

Dette uttrykket blir vanlegvis brukt for å karakterisere nokon som ikkje har norsk som førstespråk. I ein slik samanheng er det viktig å hugse at ein person med innvandrarbakgrunn ikkje nødvendigvis er minoritetsspråkleg (sjå *fleirspråkleg*).

## Muslimar

Dette er personar som har islam som religion. Omgrepet er relevant i samanhengar der religiøs tilhøyrse er temaet. Somme bruker det også feilaktig som synonym for *innvandrar* (sjå dette) eller *ikkje-vestleg* (sjå dette).

Avhengig av samanhengen kan det vere lurt å presisere om ein meiner for eksempel konservative eller liberale muslimar, strengt praktiserande eller dei som har et meir avslappa forhold til religiøs praksis.

## Norsk/nordmann

Nordmenn er folk som er busette i Noreg med plikter og rettar etter norsk lov, og som har tilknytning til landet. Det kan vere personar med røter både i Noreg og i andre land. I eit mangfaldig samfunn har folk fleire identitetar. I kva grad ein føler seg norsk, er eit subjektivt spørsmål.

Det er også mange måtar å vere norsk på, og mange omgrep blir brukte om ulike former for “norsksdom”, for eksempel “etnisk norsk”, “mørkhuda nordmann” eller “norsk-vietnamesar”, for å presisere nærmare kven ein snakkar om. Her bør ein elles vere klar over at somme bruker “etnisk norsk” som ein måte å rangere “norsksdom” på, der dei “etnisk norske” er dei “ultimate norske”. I andre samanhengar kan “etnisk norsk” vere ein presis måte å omtale ein del nordmenn på i relasjon til andre.

“Norskdøm” kan også av somme rangerast på andre måtar, slik at det å vere norsk eller “for norsk” kjem nedst på rangstigen. I slike samanhengar blir “for norsk” brukt synonymt med “for integrert” eller “for lite i kontakt med “sin eigen kultur”.

## **Norske verdiar**

(sjå også *Verda: den muslimske/vestlege*)

Når ein karakteriserer noko som “norske verdiar”, kan ein oppfatast slik at ein samtidig seier at dette ikkje er verdiar som andre har. Uttrykket “vestlege verdiar” blir av somme brukt på omtrent same måte. Men verdiane det er snakk om, er ofte verdiar som finst også andre stader i verda. Dette kan opplevast som ekskluderande.

*Mogleg bruk:*

- Norske verdiar endrar seg over tid.

## **Nykomne innvandrarak**

Dette er eit presist omgrep for innvandrarak som nyleg har komme til Noreg. Det kan seie noko om kva sjansar ein person har til å gjere bruk av egne ressursar, samanlikna med for eksempel nordmenn som ein gong kom til landet som innvandrarak.

## **Synleg minoritet / minoritetsbakgrunn**

Kven som er ein synleg minoritet, kan vere avhengig av situasjonen. Med uttrykket synleg minoritets*bakgrunn* kjem det klarare fram at det er snakk om nordmenn med innvandrarbakgrunn som for eksempel skil seg frå etnisk norske når det gjeld hudfarge.

*Mogleg bruk:*

- Innvandrara utan synlig minoritetsbakgrunn blir sjeldan omtala som innvandrara.

## **Utlending/utanlandsk**

Det tyder at nokon er utanlandsk borgar. Somme bruker omgrepet feilaktig som erstatning for innvandrarbakgrunn.

*Mogleg bruk:*

- Utlendingar over 18 år og med tre års samanhengande butid i Noreg har stemmerett ved lokalval.

## **Verda: den muslimske/vestlege**


(sjå også *Norske verdier*)

Desse talemåtene er vanlege og kan vise til avgrensa geografiske område, der “den muslimske verda” er land der islam dominerer, og “den vestlege verda” er (vest)europiske land pluss USA, Australia og New Zealand. Det ligg ofte implisitt ei forståing av at avstand i kultur og verdier er bygde inn.

Ofte vil det vere slik at når ein viser til “muslimsk” og “vestleg” som motsetningar, underslår ein at “den muslimske verda” og “den vestlege verda” møtest kvar dag på tusenvis av arbeidsplassar, offentlege kontor, skolar og barnehagar rundt om i landet og verda elles.

*Alternativ:*

- Dei verdiane grupper av militante muslimar står for, er på kollisjonskurs med sentrale demokratiske verdier.



Utgitt av:  
Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Publikasjonsnummer A-0018 B/N

Produksjon: [www.kursiv.no](http://www.kursiv.no)